

## **Program samling 1:**

### **Grunnlaget for heilskapleg gardsplanlegging**

- Rammeverket for heilskapleg drift og forvaltning av jord, dyr og ressursar.
- 

## **Dag 1: Grunnmuren for heilskapleg gardsplanlegging**





### **Velkomen!**

- Litt praktisk info om dagen
- Introduksjon og forventningar





### **Kvifor velje heilskapleg gardsplanlegging (Holistic management)?**

- Dei viktigaste byggjeklossane i heilskapleg beslutningstaking
- Planlegging og oppfølging steg for steg
- Ein metode for å sjå heile biletet i drifta

### **Fire grunnprinsipp:**


-  **Alt heng saman** – Naturen fungerer som ei eining med mønster og samspel
-  **Vatn styrer alt** – Fukt og tørke påverkar korleis landskapet reagerer
-  **Nøkkelartar betyr mykje** – Samspelet mellom artane formar naturen
-  **Tid er avgjerande** – Endringar skjer i sitt eige tempo

### **Lær å "lese" landskapet gjennom økosystemprosessane:**

-  **Vasskretsloopet** – Korleis vatn blir lagra og brukt
  -  **Næringskretsloopet** – Naturens eigen resirkulering
  -  **Artssamspel** – Korleis plantar og dyr påverkar kvarandre
  -  **Energiflyt** – Solenergi som drivkraft i økosystemet
-

## Dag 2: Gode val i ein kompleks gardskvardag

### Verktøy for å styre økosystemprosessar:

 **Vår verktøykasse i møte med naturen** – Kva verkemiddel har vi for å påverke landskapet? Korleis bruke verktøya rett for å oppnå ønskte resultat?

### Å ta avgjerd som tek omsyn til heilskapen:

 **Set rammene for det du forvaltar** – Kva er ditt ansvarsområde?

 **Definer din kontekst** – Kva er viktig for deg og di drift?

 **Skap klare rammer og ein heilskapleg kontekst for ulike verksemdar**

 **Sikre at avgjerdar og handlingar stemmer overeins med konteksten din**

 **Kontekstsjekk for store og små val** – Unngå uønskte konsekvensar i drifta

---

## Dag 3: Planlegging for ei berekraftig drift

### Introduksjon til planleggingsprosessane

 **Ei kort innføring i heilskapleg planlegging**


### Heilskapleg økonomiplanlegging

 **Kvifor ha ein heilskapleg finansplan?**


- Kva rolle spelar økonomien i den langsiktige strategien din?
- Korleis samsvarar finansielle val med den overordna konteksten for verksemda di?
- Kvar vil du med drifta di?

### Økonomisk kontekstsjekk:

#### **Grunnprinsippa i heilskapleg økonomisk planlegging**

 **Meirverdi** – Få mest mogleg ut av pengane dine

 **Dekningsbidrag** – Maksimer inntekt, minimer kostnad

 **«Logjam»/ økonomiske hindringar** – Identifisere og løyse fastlåste situasjonar

 **Svake ledd** – Oppdage og styrke økonomiske sårbarheiter

 **Lønsemdsanalyse** – Samanlikne lønsemd for ulike alternativ

## **Heilskapleg landskapsplanlegging**

### **Utvikle landskapet for betre flyt i arbeidet og sterkare økosystemprosessar**

- Skog, beite, infrastruktur og arrondering – planlegging for ein meir effektiv og berekraftig drift

## **Heilskapleg (målretta) beiteplanlegging**

### **Kvifor planleggje beiting?**

### **Dyredagar per dekar** – Mål for berekraftig utnytting

 **Effekten av tid, dyretettleik og mange beitedagar** – Korleis balansere trykk og vekst?

### **Kviletid** – Gi jorda og plantane tid til å kvile

### **Steg for steg: Vi går gjennom ein beiteplan i lag**

---

## **Generelt om kurset – Tre samlingar for ei berekraftig drift**

Heile kurset går over **tre samlingar**, der kvar samling varer i **tre dagar**. Deltakarane vil lære å bruke **Heilskapleg gardsplanlegging (Holistic Management)** som eit praktisk verktøy for å utvikle eit **regenerativt landbruk**:

### **1. samling – Grunnlaget for heilskapleg forvaltning**

- ◆ Rammeverket for heilskapleg drift og forvaltning av jord, dyr og ressursar.

### **2. samling – Heilskapleg driftsplanlegging**

- ◆ Økonomi-, gards- og beiteplanlegging for ein berekraftig og lønsam drift.

### **3. samling – Beiteøkologi og økosystemprosessar**

- ◆ Lære å lese landskapet, forstå økosystemprosessar og drive biologisk overvaking i vekstsesongen. Praktisk del.